



Notat

Dato: 31.07.2014
Arkivsak: 2014/13428-3
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Fylkesdirektør organisasjon

Revidert rutine for oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar

Det vert vist til endring i reglar for oppfølging av sjukmelde, vedtekne i Stortinget 16. juni 2014 og gjort gjeldande frå 1. juli 2014. Dei forenkla reglane i folketrygdlova og arbeidsmiljølova har bakgrunn i inngått «Intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv» (IA-avtalen) av 4. mars i år.

Hordaland fylkeskommune har ein eigen rutine for oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar. Rutinen omfattar både oppfølging av lengre frávær, eigenmeldingsordninga, hyppige korttidsfrávær og utfyllande informasjon om ulike sider ved sjukefrávær (rettar og pliktar, ulike ytingar m.m.).

Rutinen vart revidert 17. juli, slik at han er i tråd med dei nye reglane. Den viktigaste endringa er at det ikkje lenger skal rapporterast til NAV etter 9 veker med sjukefrávær. Denne endringa er og gjennomført i den IT-baserte oppfølgingsmodulen i Personalportalen, som alle leiarar skal nytt for å dokumentere oppfølgingsarbeidet og sende naudsynt dokumentasjon elektronisk til NAV.

I revisjonsarbeidet har det elles kome nokre mindre justeringar og ajourføringar, særleg i kapitlet «Utfyllande informasjon».

På eitt punkt legg den reviderte rutinen, og oppfølgingsmodulen, opp til å oppretthalde tidlegare praksis, sjølv om det ikkje lenger er lovpålagt. Det gjeld gjennomføring av dialogmøte 1 på arbeidsplassen, innan 7 veker, når arbeidstakar er berre delvis sjukmeldt. Leiarar i HFK har ansvar for å kalle inn og leie dialogmøte også ved slike høve. Grunnen ligg i ei vurdering av kor viktig det er med systematisk kontakt og oppfølging av tilsette med helseplagar, sjølv om dei er delvis til stades på arbeidsplassen. Samstundes er det opna opp for ikkje å ha dialogmøte 1 når det openbart unødvendig, jf. arbeidsmiljølova § 4-6 (4).

Vedlegg:

Rutine for oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar